

Frekhaugmarka Vel
Galtenesvegen 42
5918 Frekhaug

14.april, 2023

Alver kommune
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Klage på vedtak. Sak 1284/22 – Dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg og løyve til oppføring av parkeringsplass gnr 324 bnr 204 – Frekhaug.

Frekhaugmarka Vel har motteke brev frå Alver kommune om vedtak i ovannemnde sak 04.04.23. Klagen er framsett innanfor klagefristen og er soleis tidsriktig, § 29 i Forvaltningslova.

Kva gjeld klagen

Frekhaugmarka Vel har tidlegare påklaga Alver kommune sitt vedtak om dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø for etablering av parkeringsplass på gnr 324 bnr 204 13.02.22. Statsforvaltaren gav kommunen medhald i dette vedtaket. Vi klager no på vedtaket som gjeld dispensasjon frå byggjegrænse til kommunal veg og Løyve til bruk av avkøyrsløp på kommunal veg.

Trafikale forhold i Galtenesvegen

Bustadområdet som ligg til Frekhaugmarka Vel er eit av dei eldste på Frekhaug med oppstart på slutten av 1970-talet. Bustadområdet har i dag 184 bueningar, der dei fleste er einestadar. Galtenesvegen er blindveg i feltet med endepunkt der kommunen no har opna opp for parkering til Haltejohansvika. Frå Galtenesvegen 44 manglar den kommunale vegen heilt tilbod til mjuke trafikantar. Bustadane ligg tett på vegen med tilhøyrande avkøyrsløp og garasjer. Dette gir eit uoversiktleg vegnett både for bilistar og mjuke trafikantar. Allereie i dag har vi utfordrande trafikale situasjonar mellom mjuke trafikantar og bilistar langs vegen.

I dei seinare åra har Vellaget rusta opp ballbingen og etablert vellagshus midt i feltet. Ballbingen er samlingspunkt for born og unge, spesielt i sommerhalvåret. Heller ikkje til ballbingen og vellagshuset er det tilbod til mjuke trafikantar. Bustadområdet manglar fortau og gode fartsdumparar langs største delen av Galtenesvegen.

Bustadområdet opplever no eit generasjonsskifte, der mange unge familiar etabler seg ved Galtenesvegen. Galtenesvegen er skuleveg, borna har vener i feltet og brukar området aktivt. Vi opplever at dei trafikale tilhøva i feltet har endra seg drastisk i. Etter at ein har auka fritidsaktiviteten

i Haltejohansvika og BOF etablerte parkeringsplass erfarer vi at det er stor auke i trafikken over større delar av døgnet. Vi gjer merksam å at vegnettet i feltet knapt nok taklar trafikken frå dei som bur i området i dag. Fleire stader kan ikke to bilar passere kvarandre og det er naudstynt med rygging og ein tek i bruk avkjørselene til eigedomane for å komme forbi. Midt i dette vandrar born, unge og eldre til og frå sine gjøremål feltet. Vellaget får tilbakemeldingar om nestenulykker langs Galtenesvegen. Vellaget har korkje midlar eller løyve til å gjere endringar på Galtenesvegen sjølv om vi gjerne skulle ønska det. Dette ansvaret ligg til vegeigar Alver kommune. Frekhaugmarka Vel gjer kommunen igjen merksam på at vi er svært uro for at det vil finne stad trafikulukker i Galtenesvegn med alvorleg skadegrad eller fatalt utfall.

Verknad av kommunen sitt vedtak

Kommunen har ved ovannevnde vetak gjeve dispensasjon frå byggjegrænse til kommunal veg på 0 meter for etablering av parkeringsplass og løyve til bruk av avkjørsel på kommunal veg for dei som brukar parkeringsplassen.

Det er ille nok at kommunen har gitt tilsegn til etablering av parkeringsplass på staden, då dette har stor negativ innverknad på den trafikale situasjonen i Galtenesvegen. Med det som bakteppe forventar vi at kommunen oppgraderer den kommunale vegen med trafikksikringstiltak slik at han toler trafikken til og frå parkeringsplassen. Så langt ser det ut til å vere heilt fråverande i kommunen si framstilling av saka og ved vedtak. Faktum er at kommunen som vegeigar ikkje stiller krav til BOF som tiltakshavar i det heile, når det gjeld trafiktryggleik. Dette er direkte slett sakshandsaming. Vellaget gav i klagebrev av 13.02.22 ei utførleg skildring av dei trafikale forholda i Galtenesvegen. Det verker som om kommunen likevel ikkje har fått med seg dette og opnar opp for auka trafikk utan å reflektere over innbyggjarane sin trafiktryggleik i det heile. Vi er svært skuffa over kommunen si handsaming i denne saka. Vi minner om at kommunen er vegeigar i Galtenesvegen og har ansvaret for tilfredsstillande trafiktryggleik her. Kommunen framstår som ein etat utan kompetanse når det gjeld trafiktryggleik. Dette er alvorleg for ein vegeigar. Vi forventer at kommunen engasjerer seg aktivt i trafikksikringsarbeidet i Galtenesvegen. Det er trong for fysiske tiltak med fortau og fartshumper.

At Kommunen har gjeve løyve til bruk av avkjørsel på kommunal veg medfører sjølvst auka trafikk i Galtenesvegen, og truleg i eit volum vi ikkje har sett tidlegare. Vi har dessverre allereie erfaring med auka biltrafikk til friområdet. Observasjonar frå tidsrommet då Bof hadde parkering her tidlegare, viste at på ein vanleg kvardag var det 50 biler innom parkeringsområdet før kl 13. Det oppleves at fartsgrensa og lokale forhold ikkje vert respektert. Vellaget er oppteken av at friluftsområdet skal kunne nyttast av ålmenta, men vi er alvorleg bekymra for trafikkulykker i Galtenesvegen. Desto fleire bilar som kjem til feltet, desto større er potensiale for trafikkulukker, der særleg barn og unge er involvert.

Når det gjeld dispensasjon frå byggjegrænse til kommunal veg så ser vi med undring på at denne er sett til 0 meter. Det betyr at kommunen ikkje har areal til å vedlikehalde vegen når det trengs eller til snølagring når ein har snøfulle vintre. I tillegg gjev kommunen med dette løyve til etablering av parkeringsplass kloss opptil garasjeareal og uteareal til eigedomane like ved. Deira tomter ligg like kloss på framtidig parkeringsplass som kommunal veg. Dette vil sjølvst vere ei ulempe for desse

eigedomane i det daglege, med bruk av uteareal og ferdsel ved parkeringsplassen og kan oppfattas som reduserte butilhøve. Det må kommunen ta på alvor.

Krav til kommunen

Frekhaugmarka Vel stiller krav til Alver kommune om at kommunen tek sitt ansvar som vegeigar på ein seriøs og framtidsretta måte for Galtenesvegen. Kommunen har som vegeigar ansvar for ferdsle og trafikktryggleiken i Galtenesvegen. Vi krev at kommunen etablere fortau langs den delen av Galtenesvegen som manglar slikt tilbod. Det må også det på plass effektive fartshumpar som på ein tydeleg og effektiv måte reduserer det høge fartsnivå. Kommunen har høve til å stille slike krav til tiltakshavare ved vedtak som gjev løyve til bruk av avkøyrsløse eller dispensasjon frå til dømes byggjegrense ved kommunalt vegnett.

Samanfatning

Frekhaugmarka Vel klager på Alver kommune sitt vedtak i sak 1284/22. Dette gjeld dispensasjon frå byggjegrense frå kommunal veg og løyve til bruk av avkøyrsløse på same vegnett. Vi opplever at kommunen ikkje har vurdert dei trafikale forholda i Galtenesvegen i sakshandsaming, trass i god informasjon frå Frekhaugmarka Vel. Kommunen tek heller ikkje på alvor det ansvaret dei har som vegeigar når det gjeld å sikre trafikktryggleik og effektiv ferdsle for alle trafikantgrupper. Store delar av Galtenesvegen er utan tilbod til mjuke trafikantar, og denne gruppa er spesielt utsett når trafikken aukar på veggen.

Frekhaugmarka Vel krev at Alver kommune gjer om sitt vedtak som gjeld når det gjeld løyve til bruk av kommunal veg og dispensasjon frå byggjegrense. Til dette vedtaket må det tilføyast krav om at tiltakshavar skal etablere fortau og fartshumpar i Galtenesvegen. Alternativ kan kommunen gjere vedtak om at kommunen sjølv skal utføre dette før parkeringsplassen vert teken i bruk.

Med helsing

Sigmund Bødal

Frekhaugmarka Vel

Kopi : Statsforvaltaren i Vestland